

---

Vår referanse 2020/60474-9  
Dato 29.10.2021

---

Mette Kyed Thorson

## Svar - Dispensasjon byggjegrænse - Fv. 5476 - Gnr 147 bnr 87 - Sellevoll - Garasje, terrasse og ny avkøyrslé - Alver kommune

Vi viser til søknad av 19.05.2020, samt vidare korrespondanse i saka.

### Saka gjeld

Det er søkt om å oppføre garasje med terrasse på gnr. 147 bnr. 87, samt å flytte avkøyrslé i privat veg. Eigedomen grensar til fv. 5476 Skarsvegen, og tiltaket treng dispensasjon frå byggjegrænse langs offentleg veg.

### Vedtak

Med heimel i veglova [§ 30](#) og [§ 34](#) gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 5476 for å etablere garasje med terrasse på gnr. 147 bnr. 87 i Alver kommune.

### Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan, datert 16.07.2021.
2. Avstanden frå garasjen (inkludert takutspring) til senterlina på fv. 5476 skal vera minst 17,5 meter.
3. Dersom tiltaket vil føra til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vera opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging på offentleg veg. Siktkrav til eigedomen si avkøyrslé må følgjast.
4. Garasjen må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Grenseverdiane for støy og luftkvalitet i rundskriv [T-1442](#) og [T-1520](#) frå Klima- og miljøverndepartementet må tilfredsstillast.
6. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga/innretninga ligg nær fylkesveg 5476.
7. Før arbeidet vert starta opp må skal løysingar for drenering langs privat veg og behov for kum og asfaltering mot fylkesvegen avklarast med driftsavdeling Nordhordland i Vestland fylkeskommune.
8. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

### Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t, og årsdøgertrafikk er 800 ÅDT. Strekninga er klassifisert til *Haldningsklasse 3* jf *Rammeplan (2021 - 2024)*. Det vil seie at dette er ein viktig lokalveg og at nye tiltak ikkje bør oppførast nærare enn 30 meter frå vegmidte.

Til søknadene er det sendt inn situasjonsplan og terrengprofilar som viser korleis tiltaket er tenkt utført. Det er skissert eit forslag om utforming av avkøyrsla til den private vegen, drenering under avkøyrsla og vidare oppsamling og leiing av vatn vidare. Det er opplyst at første del av avkøyrsla mot fylkesvegen skal asfalterast.

Næraste bygningsdel er omsøkt 17,3 meter frå vegmidte. Etter ei samla vurdering av tilhøva på staden meiner vi at dette er ein akseptabel avstand.

Vi er likevel uroa for å opne for ny avkøyrsla nærare fylkesvegen. Grunnen for dette er at avkøyrsla mot fylkesvegen er i dag for brattare enn det som er anbefalt, og det medfører at det renn grus og finmateriale ut i fylkesvegen. Dette er uheldig på fleire måtar, både ved at grøfter vert tilslamma av finmateriale, og at det samlar seg grus og vatn i fylkesvegen, som igjen utgjør ein risiko for trafikktryggleiken på staden.



*Fig: Bilete av avkøyrlepunkt mot fylkesveg 5476 (t.v) og tilkomstveg (t.h).*

Det må vere ei føresetnad at etablering av ny avkøyrsla ikkje forverrar forholda på staden.

Det må tilretteleggjast med tilstrekkeleg grøfting under avkøyrsla og langs den private vegen retning mot fylkesveg. Som avbøtande tiltak foreslår vi å etablere kum med rist på eine sida av avkøyrsla, samt asfaltere første del av privat veg.

Desse tiltaka må avklarast med Vestland fylkeskommune si driftsavdeling ved avdeling Infrastruktur og veg før tiltak vert sett i gong. Kontaktperson der er Solfrid Vigdis Kvamme. E-post: [solfrid.vigdis.kvamme@vlfk.no](mailto:solfrid.vigdis.kvamme@vlfk.no), telefon 962 36 931.

### Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Kari Elster Moen  
senioringeiør

Tone Bøyum  
senioringeniør

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Kopi til:

ALVER KOMMUNE      Postboks 4

Solfrid Vigdis Kvamme